



Rosendal Songlag er vertsskap og teknisk arrangør for korseminaret i helga. (Arkivfoto)

Rosendal Songlag inviterer til korseminar i helga. Instruktør er den faste dirigenten for Oslo Filarmoniske Kor, Øystein Fevang. Tema er songteknikk i kor. Kyrkjekoret Nordsaang vert med på seminaret. Det same vert 15 deltakarar frå Røysterett for Alle. Seminaret vert på Malmanger skule laurdag og sundag.

Unni Vatne Nedrevåg, leiar i Rosendal Songlag, fortel til Uskedalen.no at nær på 50 koristar vert med på seminaret. Rosendal Songlag er teknisk arrangør. Ho gler seg og ser fram til å møta den landskjende songaren og dirigenten Øystein Fevang.

Fevang (f. 1963) har utdanninga si frå Østlandske Musikkonservatorium og Norges Musikkhøgskule. Han har sidan 2006 vore fast dirigent for Oslo Filarmoniske Kor. Frå 2017 har han i tillegg vore musikalsk leiar for Marjorstua Kammerkor.

Øystein Fevang har vore solist i ei rekkje kor og orkester. Han hadde ein sentral rolle i NRK sin dokumentarserie i 2008 med tittelen Den syngende bydelen. Fevang er tildelt Norges Korforbund sin æresmedalje.

På seminaret vert det som sagt lagt vekt på songteknikk, ein viktig del av det å vera medlem i eit kor.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal